

Sigrun droppa dilten for å berga Vigdøla

■■ Underskriftskampanje for elva ■■ Ei utbygging er nok

VIGDALEN: – Eg deltek alltid i Vigdalsdilten. I år ville ha vorte min 31. gong, men i staden samla eg inn underskrifter mot utbygging av Vigdøla, seier Sigrun Vigdal.

Statkraft ynskjer å byggja ut dei resterande vasskraftressursane i Jostedalen, men innbyggjarane i området er kritiske til planane.

Levande elv

Prosjektet til Statkraft vil føra til at åtte sideelvar på vestsida av Jostedalen vil bli overført til Leirdøla kraftverk. I tillegg er nye Vigdøla kraftverk tenkt bygd på austsida av Jostedalen. Den øvste delen av Vigdøla allereie er utbygd, medan den nedste delen til dags dato er urørd.

– Me meiner at Vigdøla bør få renna fritt, fordi det er viktig å ha att nokre levande elvar. Det er ein flott foss nedst i elva som vert vekke dersom utbygginga vert gjennomført, seier Vigdal. Sjølv bur ho i Jostedalen, men ættar frå Vigdalen. I juli samla ho inn 39 underskrifter frå dei litt over 50 deltakarane under Vigdalsdilten, som er ein turmarsj frå Vigdalen til Engjadalen. Responsen på underskriftskampanjen var utelukkande positiv blant dei framkomne.

– Nesten alle over 16 skreiv under, og det var mange lovord rundt initiativet blant deltakarane. Marsjen går mellom anna over Vigdøla, og det blir ikkje blir det same dersom den vert tørrlagd, seier ho og fortel at elva allereie er sterkt redusert. Ho tykkjer det er latterleg at det no skal verta nasjonalpark på eine sidan av Vårstølen, medan det skal byggjast ut kraftverk på den andre sida.

Tørrlagd

– Det held med ei utbygging, det er allereie ille som det er med mindre vassføring i Vigdøla, seier Jenny Fossøy, som var sentral i aksjonen mot utbygging, som retta seg mot kommunestyret i Luster i 2007. Ho er sjølv frå Jostedalen, men har hytte i Vigdalen, der mannen kjem frå. Ho seier at Vigdøla som tidlegare har vore ei flott fiskeelv, no er kraftig redusert, og at dei er redde for at resten av elva blir lagt i røyr om Statkraft får gjennomslag.

– Det er fælt at etterkommarane våre ikkje skal få



AKTIV: Sigrun Vigdal deltek på den 30. utgåva av Vigdalsdilten i 2008, for ho droppa ut for å sanka underskrifter.

(Foto: Stein Bugge Næss)

sjansen til å nyta friluftsliv og natur, dersom fleire av elvane vert tørrlagde, seier ho. Ho fortel at dei under aksjonen i 2007 hovudsakleg konsentrerte seg om Vigdøla. Seinare har det vorte grunnlag for å reagere på Statkraft sine planar for sideelvene på vestsida òg.

– Om vasstanden vert redusert i Jostedøla, vert det negativt for heile Jostedalen. Aktivitetar knytt til natur, fritid og fiske kjem til å måtte lida for det, seier Fossøy.

Elin Stensvand
elin@sognavis.no



DILTEN: Sigrun Vigdal er klar for underskriftskampanje på årets marsj.

(Foto: privat)



LEVANDE: Elva Vigdøla ved Syneshaug i Vigdalen.

(Foto: Statkraft)

Går over Handspiki for å hindra utbygging

JOSTEDALEN: Fredag morgon går fleire jostedøler over fjellet til Sjàk for å feira nasjonalpark og kviskra nokre ord i øyra på minstrane.

7. august vart Breheimen nasjonalpark oppretta i statsråd. Til helga vert det offisiell opning på Sota. På opningsdagen stiller ikkje mindre enn statsministaren, finansministaren, samferdsleministaren og miljøvernministaren, så jostedølene tek òg turen.

– Me planlegg ein tur over

Handspiki til nasjonalparkopning på Sotaseter fredag. Jostedalen og Sjàk er nære naboar, og tanken bak er å først og fremst å markera opninga av eit stort og viktig naturområde som vert freda. I tillegg ynskjer me å retta merksemd mot planane Statkraft har om enda meir utbygging i Jostedalen, seier turleiaren Steinar Bruheim, og fortel at dei vil påpeika motsetnaden mellom å verna austsida av dalen, medan Statkraft vil byggja ut på vestsida, som ligg kloss i nasjonalparkområdet.

Til fots

Nokre av Jostedølene køyrer,

medan nokre ynskjer å gå. Turleiaren fortel at dei vil gå fordi ein av føremåla med oppretting av Breheimen nasjonalpark er friluftslivet og det flotte turområdet.

– I motsetnad til dei som kjem med buss, bil og helikopter, vil me tru at det er noko meir naturvenleg å spamera. Me nyttar den gamle ferdseisvegen mellom Jostedalen og Sjàk som har vore brukt i uminnelege tider, seier Bruheim, som reknar med å bruka omlag fire timar på turen.

TURSJEFF: Steinar Bruheim med følgje spaserer frå Jostedalen til Sjàk for å delta på nasjonalparkopning.

